



«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Hege Steigedal, 71 25 84 80

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

## Oppstartsmelding om utviding av Smågevatnet naturreservat

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil med dette informere om at vi startar opp verneplanprosess etter naturmangfaldlova for utviding av Smågevatnet naturreservat i Aukra kommune.

### Bakgrunn

Oppstart av vernearbeidet har bakgrunn i St.meld. 14 (2015-2016) Natur for livet, om bevaring av verdifull natur i Noreg. Arbeidet tar sikte på å dekke opp manglar ved eksisterande verneområde for trua landskap, naturtyper og artar. Tilsvarande verneprosesser skal skje i ei rekke område over heile landet.

Miljødirektoratet har, på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, gjennomført ei omfattande nasjonal analyse av manglane ved eksisterande vern. Etter innspel frå Statsforvaltaren har mellom anna Småge blitt prioritert for vurdering av nytt vern etter naturmangfaldlova. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fått oppdrag å starte arbeidet med vern.

### Småge

Småge er eit området med internasjonale verdiar knytt til kystlynghei. Kystlynghei er av dei eldste kulturlandskapa vi har opp mot 5000 år og strekk seg langs heile Atlanterhavskysten i Europa. Over 80% av naturtyper er forsvunne grunna gjengroing, nedbygging og oppdyrkning. I 2015 blei kystlynghei utvalt naturtype som betyr han den gar særskilt beskyttelse i plan og bygge saker.

Som kjernen i eksisterande verneområde ligg Smågevatnet med tilhøyrande fugleliv og plantar, og er ein svært viktig hekkeplass for våtmarksfugl. Smågevatnet og ein del omliggande våtmark og kystlynghei er i dag verna. Området føreslått verna ligg i direkte kontakt med eksisterande verneområdet og er i dag skjøtta med statlege midlar og avtaler med grunneigarane. Kystlyngheia her er av svært høg verdi i ein sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, med eit mildt vinterklima. Dette gjev forhold for fleire spesialiserte planter som til dømes heistarr. Kystlyngheia er i så god hevd at den er peika ut som nasjonalt referanseområde for denne typen natur. Det er derfor viktig å ivareta området på lang sikt. Eit vern vil gjere forvaltninga meir føreseieleg med tanke på skjøtselsavtalar og statlege midlar både til skjøtsel og plan for tiltak som restaurering og tilrettelegging gjennom ei forvaltningsplan.



Vatnet mellom holmane er tenkt verna i overflata og vassmassane er derfor ikkje utgreia for vern.

Målsettinga med eit vern er å best mogleg ivareta området som eit økologisk funksjonsområde for fugl og kystlynghei, samstundes som dagens bruk kan halde fram utan å skade verdiane.

### **Lovverk og prosess for vern etter naturmangfaldlova**

Arbeidet med supplerande vern ved Småge blir offentleg kunngjort i Aukranytt og Romsdals budstikke.

Prosessen med vern vil vidare følgje naturmangfaldlova §§ 41 – 43, og i samsvar med forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar kap. IV – VI, og § 37.

Naturmangfaldlova §§ 41 – 43 har omfattande krav til mellom anna tidleg informasjon til aktuelle grunneigarar, organisasjonar og offentlege instansar. Forvaltningslova § 17 krev også plikt til greie ut konsekvensane ved eit vern. Likeså må kunnskapsgrunnlaget vere best mogleg, jf. naturmangfaldlova § 8. For grunneigarar og rettshavarar inneber dette at vi gjennom heile prosessen vil vere opne for førebelse synspunkt og spørsmål om vernesaka og framdriftsplan for arbeidet.

Naturreservat, som den mest aktuelle verneforma, kan opprettaast etter naturmangfaldlova § 37 i område som:

- a) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur,
- b) representerer ein bestemt type natur,
- c) på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald,
- d) utgjer ein spesiell geologisk førekommst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Framtidige verneforskrifter vil vise verneområdet sitt formål, herunder kva natur- og kulturverdiar vernet skal ivareta og den tilstanden ein ønskjer oppnådd med vernet, grensene til verneområdet, berørte eigedommar og bestemmelsar om bruk av området.

Pågåande aktivitet og bruk kan normalt fortsette og utviklast innafor rammene av verneføremålet. Grunneigarar/rettshavarar vil behalde grunneigarretten til eigedommen, men vern vil kunne innebere strengare regulering for omdisponering av areal. Generelt sett vil eit vernearbeid etter naturmangfaldlova ta sikte på å unngå vern av mellom anna dyrka mark og private driftsbygningar, bustad- og hyttefelt, og viktige eksisterande næringsområde og infrastruktur.

Når det er etter kvart er utarbeidd eit framlegg til kunnskapsgrunnlag, vernegrenser og verneregler, vil dette bli sendt ut på lokal og sentral høyring, til grunneigarar og andre aktuelle partar, der vi ber om skriftlege fråsegnar på framlegget. I samband med høyringa vil vi også legge til rette for møte og synfaringar for dei som måtte ønske det.

Vedlagte kart er grovt skissert og inneber ingen vernegrenser, men er eit utgangspunkt for vidare prosess.

Vidare plan utover hausten 2024 er å innhente mest mogleg kunnskap om både bruksinteresser og eventuelle konfliktar med vern. Lokal kunnskap frå grunneigar/rettshavar, kommune, organisasjonar og andre vil vere ein viktig del av dette. Vi har hatt orienteringsmøte med grunneigarane og kommunen om saka, og vil halde fram med tett kontakt vidare i prosessen.



## Sjøarealplan

Nåverande sjøarealplan har som arealformål for føreslått utvida vern «*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*». Eit vern er ikkje i konflikt med dette arealformålet. Forslag til arealbruk i pågående prosess med interkommunal sjøarealplan kjem ikkje i konflikt med eit eventuelt vern. Områda avsett i føreslått sjøarealplan er *fiskeri* (F1\_10) og *bevaring av naturmiljø* (H560\_1).

## Vidare formell prosess

Etter grundigare avklaring av brukarinteresser og eventuelle interessekonfliktar opp i mot eit null-alternativ, vil det bli avklart om det skal utarbeidast framlegg til utvida vernegrense og revidert verneforskrift.

Statsforvaltaren utarbeider så verneforslag med utkast til vernekategori, avgrensing og verneforskrift ut frå formålet med vernet. Dette skal kvalitetssikrast av Miljødirektoratet, før det blir sendt ut på lokal og sentral høyring til alle aktuelle partar. Statsforvaltaren vil så ha innspelsmøte for å legge fram informasjonen og ha dialog med grunneigarar og brukarar om endeleg verneforslag. Samanfatta fråsegn til høyringa vil bli vurdert og naudsynte endringar av framlegget vil bli gjort før det sendast ei fagleg tilråding til Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet vurderer Statsforvaltaren si tilråding og utarbeider innstilling til Klima- og miljødepartementet med framlegg til verneforskrifter og avgrensing.

Klima- og miljødepartementet samordnar saka med aktuelle departement og førebur saka for behandling i regjeringa.

Vernevedtak vert gjort av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon.

Spørsmål til vernesaka kan rettast til Hege Steigedal, e-post: [hege.steigedal@statsforvalteren.no](mailto:hege.steigedal@statsforvalteren.no). Det ligg også informasjon på heimesida: <http://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal>.

Fråsegner og innspel til arbeidet kan sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2025, 6004 Molde, eller [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no) innan 1. november 2024.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
underdirektør

Hege Steigedal  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Kart\_Oppstart\_Utviding\_Smågevatnet\_natrurreservat

**Mottakere:**

AUKRA KOMMUNE	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret 10	6422	MOLDE
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
BIRDLIFE NORGE	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
BIRDLIFE NORGE AVDELING MØRE OG ROMSDAL	c/o Olbjørn Kvernberg Idrettsvegen 9	6413	MOLDE
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATKRAFT AS	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Jarle Hauge Solbergvegen 186	6210	VALLDAL
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
MATTILSYNET	Felles postmottak	2381	BRUMUNDD AL
ELINETT AS	Postboks 383 Plutovegen 5	6419	MOLDE



Trygve Småge	Smågesjøvegen 40	6480	Aukra
Pauline Småge	Aukravegen 251	6480	Aukra
Morten Småge	Hauglegda 6	6416	Molde
Anne Tangen Småge	Smågevegen 102	6480	Aukra
Andreas Småge	Smågevegen 105	6480	Aukra
Brian Skarshaug	Smågevegen 119	6480	Aukra
Inge Morten Eikrem	Skomakarvegen 4	6480	Aukra
Tordis Eikrem	Skomakarvegen 4	6480	Aukra